

Martabu opnar kl.10.00 søndag.

25.08.2012



Det er framleis svært mykje fint i hyllene i Martabu.

I morgon, søndag, er siste opningsdagen i Martabu denne sommarsesongen. Det er ei lita endring i opningstida sidan det er siste dagen. Butikken opnar kl.10.00.

Som vi skreiv tidlegare i dag, er det eit rikhaldig og flott vareutval i butikken no. Ved opninga lørdag kom det inn ein del nye varer. I morgon vert det rett nok ikkje bakevarer frå Marit Langballe, men det vert godsaker likevel. Astrid Haugse kjem med melkekaker, og te og kaffi er sjølvsagt på plass.

Det ligg til rette for ein koseleg avslutningsdag, og Jane Haaranes håpar på godt besøk. Ho melder og at dei som har levert inn varer, kan henta dei etter kl.14.00.

Av: Thor Inge Døssland